

Til Bondebladet nr. 41, 2017



www.grontprodusentene.no

Fruktoppgåve pr 1. oktober

Ny plommerekord

Plommekvantumet ser ut til å bli over 1.600 tonn dette året. Det er ny rekord i seinare tid. Det viser at den auken i arealet som har skjedd dei siste 10 åra kan gi store avlingar dersom det meste klaffar med veret. Heller ikkje dette året var veret optimalt. Auken i kvantum kjem i ei tid der mjuke frukter og bær har hatt stor forbruksvekst og har slik sett vore vellykka.

Mindre eple enn i fjor

Eplekvantumet blir mindre enn prognosen har vist tidlegare i år. Det kalde veret i tida omkring og etter bløming, har medført mykje skader og feil på epla slik at dei ikkje er eigna for pakking til konsum. Heldigvis er det stor etterspurnad etter eple til industri for produksjon av eplemost, cider og andre produkt.

For meir info sjå «Fruktprognose pr.1.oktober» på GPS si heimeside under aktuelt på www.grontprodusentene.no



bjorne@grontprodusentene.no